

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 31.1.2014  
**Stad:** Gol, Pers Hotell

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune  
Tony Kjøl, Hol kommune  
Ivar Brevik, Ål kommune  
Hallvor Lilleslett, Gol kommune  
Kjell Ålien, Nes kommune  
Tor Egil Buøen, Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
  - Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og regionkontakt Tore Gilhuus.
  - Rådmannsutvalet deltok i sak 01 - 06
- 

#### **SAK 01/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 20.12.2013**

##### **Vedtak**

Møteprotokoll for møte 20.12.2013 vart vedteke.

#### **SAK 02/14 SKJØNNSMIDLAR FRÅ FYLKESMANNEN, 2014 – PRIORITERING AV PROSJEKT TIL FORNYING OG OMSTILLINGSTILTAK**

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil med bakgrunn i rådmannsutvalet si innstilling og tidlegare vedtak, prioritere følgjande prosjekt for tildeling av skjønnsmidlar for 2014:

1. Felles Løft for tidlig innsats i Hallingdal, kr. 300.000
2. Hallingdal Lokalmedisinske tjenester, kr. 300.000
3. E-handel, kr. 100.000

#### **Sak 03/14 UTTALE, IDEFASERAPPORT VESTRE VIKEN**

##### **Uttale**

Høringsuttalen følger de temaer som ønskes besvart, jmf. høringsbrev av fra Vestre Viken datert 16.12.2013.

#### **1. Dimensjonering av somatikk i nytt vestre Viken sykehus.**

Rapporten karakteriserer selv antallet planlagte sykehussenger som «relativt lave» og sier at «det er viktig å legge til rette for fleksibilitet og utvidelsesmuligheter». Bare Ahus er av nyere sykehus planlagt med færre somatiske senger.

Hallingdalskommunene viser til sin uttale til Utviklingsplan for Vestre Viken og vil på nytt understreke at lange geografiske avstander innen foretakets område og den kommende doblingen av antall eldre, bør tilsi at antallet somatiske senger oppjusteres. Det presset på senger som allerede nå erfares ved A-hus, burde også tilsi det samme. Det tilrås å minst legge seg på samme nivå med antall somatiske senger som Østfold, dette ville tilsi en økning på 11% for Vestre Viken.

**2. Strukturendring og dimensjonendringer i klinikk psykisk helse og rus.**

Hallingdalskommunene tilrår modell 2A for psykiatri og rus, altså at all psykiatri og rus blir samlokalisert med somatikk i ett sykehus. Dette begrunnes både ideologisk, at somatikk og psyke er en helhet, og praktisk, ved at både det interne samarbeidet og samarbeidet med eksterne aktører, heriblant kommunene, vil være enklere med en lokalisasjon.

**3. Dimensjonering og lokalisering av 5 distriktpsikiatriske sentre (DPSer).**

Hallingdalskommunene viser til sin uttale til utviklingsplanen for Vestre Viken. Hverken utviklingsplanen eller idefaserapporten løfter fram den utfordringen som ligger i de lange avstandene fra Hallingdal til DPS Ringerike. Dette er delvis avhjulpet med psykiatrisk dagtilbud og poliklinikk ved Hallingdal sjukestugu. Men for akutte behov og for sengeplasser til skjerming og omsorg for mennesker i livskrise må det arbeides videre for å finne gode løsninger etter at den psykiatriske sengeavdelingen i Ål ble nedlagt for noen få år siden. Vi ber om at dette løftes fram og identifiseres som et utfordringsbilde som en del av de overordnede DPS-strategier.

**4. Spesialisthelsetjenestetilbud på Kongsberg sykehus.**

Hallingdalskommunene har ingen innspill til dette arbeidet, bortsett fra å vise til de gode erfaringer en har med desentraliserte sykehustjenester til Hallingdal og arbeidet for å videreutvikle Hallingdal sjukestugu til et lokalmedisinsk senter.

**5. Lokalisering av nytt Vestre Viken sykehus på Brakerøya.**

Hallingdalskommunene har ikke noen overvekt av preferanser angående lokalisering av et nytt Vestre Viken sykehus. For Hallingdalskommunene er det viktigste at Ringerike Sykehus opprettholdes som fullverdig lokalsykehus og at helseforetakets engasjement rundt Hallingdal sjukestugu videreføres.. For innbyggere i Hallingdal vil det likevel være en stor fordel at lokaliseringen av et nytt sykehus i Drammensområdet er sentral og kommunikasjonsmessig lett tilgjengelig.

**SAK 04/14 SØKNAD OM TILSKOT, ENERGI- OG KLIMAPARK**

**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd tilskot tilsvarende 50% av kostnadene, totalt inntil kr. 150.000, til forprosjekt for ein energi- og klimapark, i samband med Bjørneparken i Flå.
2. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2014.
3. Prosjektet bør profilerast som eit regionalt prosjekt, med ein klar Hallingdalsprofil.

**SAK 05/14 MOGELEGHEITER OG UTFORDRINGAR FOR UTVIKLING AV  
KOMMUNANE I HALLINGDAL, TIL BESTE FOR HEILE REGIONEN**

Ordførarane var utfordra på korleis dei vurderte situasjonen i eigen kommune, i forhold til mogelegheiter og utfordringar, som kunne ha noko å seie for Hallingdal. Vurderingar i forhold til korleis den einskilde kommune vil kunne takle framtida var sentralt, likeeins mogelegheitene og utfordringane for næringslivet, korleis legge til rette for positiv vekst.

Innlegg er oppsummert i eige notat

## **SAK 06/14    EVENTUELT**

### Dialogmøte med fylkesmannen

I samband med neste regionrådsmøte 28.2. skal det vera dialogmøte med fylkesmannen. Tema som er ynskjeleg at blir drøfta er m.a:

- Krisehandtering
  - Næringsutvikling, fjellandbruket
- Ivar Brevik, Sveinung Halbjørhus og Knut Arne Gurigard førebur temaet.

### Kommunestruktur

Hallvor Lilleslett tok opp sak om at Regionrådet for Hallingdal må ta initiativ til eit utgreiingsarbeid i forhold til eventuell ny kommunestruktur. Utgreiingsarbeidet må sjå på fordelar og ulemper med ei eventuell kommunesamanslåing, økonomiske og faglege tilhøve, kva oppgåver kommunane må løyse, og kva oppgåver kommunane kan overta frå staten eller fylkeskommunen. Forslagsstillar meinte og at utgreiinga må kunne ta for seg ulike alternativ for eventuell ny kommunestruktur i Hallingdal, i tillegg til konsekvensar ved ein uendra kommunestruktur.

Etter drøfting var konklusjonen at saka blir teke opp på Hallingtinget i mai. Som grunnlag for drøftingar vil m.a. delrapport frå eit eige ekspertutval (utnemnt av KMD) nyttast.

*«Som et grunnlag for lokale diskusjoner og sentrale vurderinger, ønsker Kommunal- og moderniseringsdepartementet at det skal utarbeides et forslag til kriterier som har betydning for oppgaveløsningen i kommunene. Eit eige ekspertutval skal utarbeide to rapporter: En delrapport 24. mars 2014, og en sluttrapport i 1. desember 2014. I delrapporten skal utvalget ta utgangspunkt i dagens oppgaver i kommunene. Som et generelt prinsipp skal det legges til grunn at alle kommuner skal løse sine lovpålagte oppgaver selv. Utvalget skal ut fra dette angi kriterier kommunene bør oppfylle for å ivareta dagens oppgaver, samt prinsipper og kriterier for en robust kommuneinndeling som gir en enhetlig og oversiktlig forvaltning i kommunen. I sluttrapporten skal utvalget vurdere kriterier kommunene bør oppfylle for å ivareta mulige nye oppgaver. Departementet vil, etter at utvalget har levert første delutredning, konkretisere siste del av oppdraget nærmere.»*

### Telefonnummer til lokale lensmannskontor

Det blir vurdert å kutte ut direkte telefonnummer til dei lokale lensmannskontora i Nordre Buskerud politidistrikt, slik at det berre blir eit fellesnummer til politiet.

Regionrådet drøfta saka og var tydelege på at dette ikkje er ynskjeleg ut frå m.a. innbyggjarane sin nærleik til lokalt lensmannskontor og lokalkunnskap.

Dagleg leiar vidareformidlar Regionrådet sine syn til regionlensmannen for Hallingdal /Nore og Uvdal.

### Møte med regionlensmannen

Regionrådet for Hallingdal ynskjer møte med regionlensmannen for allingdal /Nore og Uvdal. Dagleg leiar avklarar tidspunkt.

### Innkjøpsamarbeid

Dagleg leiar i samarbeid med rådmannsutvalet førebur sak om innkjøpsamarbeid.

### Eigarskapsrepresentasjon

Hallvor Lilleslett tok opp spørsmål om korleis kommunane i Hallingdal kan ha eit samarbeid i forhold til eigarskapsrepresentasjon i ulike selskap, fyrst og fremst utanfor Hallingdal, der

kommunane er medeigarar. Dagleg leiar lagar ei oversikt over aktuelle selskap, der det kan vera aktuelt med eit samarbeid om eigarskapsrepresentasjon.

### Dialekt

Hallvor Lilleslett tok opp spørsmålet om bevisstgjeriing og bruk av dialekt. Det vart eit friskt ordskifte utan at det vart trekt klare konklusjonar. I samband med merkevarebygginga av Hallingdal 2020, kan det vera naturleg å nytte dialekt i fleire samanhengar.

Ål 6.2.2014

for rådsordførar  
Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar